

Tariffar gjeldande frå 1/1-2026

Privatkundar

Energiledd privatkundar (Alle prisar ink. mva)				
Trinn	øre/kWh	Avgift elektrisk kraft	Enova avgift (øre/kWh)	Totalt inklusiv alle avgifter
Dag*	44,375	8,91	1,25	54,538
Natt*	37,500			46,413

*Dag: kl. 06:00 -22:00, **Natt: kl. 22:00 - 06:00

Kapasitetsledd privatkundar (ink. mva)		
Trinn*	Kr/mnd	Årspris
0-2 kW	210	2 520
2-5 kW	300	3 600
5-10 kW	400	4 800
10-15 kW	525	6 300
15-20 kW	700	8 400
20-25 kW	875	10 500
25-50 kW	2000	24 000
50-75 kW	3000	36 000
75-100 kW	4000	48 000
Over 100 kW	5000	60 000

*Innplassering i dei ulike trinna vert avgjort av snittet av dei tre høgaste timeforbruka i tre ulike døgn i månaden ein vert fakturert for.

Eksempel:

Trinn for kapasitetsleddet på juli-faktura kjem av gjennomsnittet av dei tre timane med høgast forbruk i tre ulike døgn i juli. Om snittet av desse timane vert 6.5kW, vil ein hamne i trinn 5-10 kW og måtte betale kr. 400,- i kapasitetsledd på juli-fakturaen fakturert i august.

Umålt veglys privat

Privatkundar	Tariff	Fastledd	Energiledd øre/kWh	ENOVA-avgift øre/kWh	Elavgift øre/kWh	Sum energiledd ink avgifter øre/kWh	Merknad
Vegljos utan målar	H1	Kr. 1718 pr. kW/år	71	1,25	8,91	81,16	Det skal nyttast fotocelle. Berekna forbrukstid er 4000 timar. For anlegg utan fotocelle aukast brukstida. Målte vegljøs skal nytte kapasitetsledd tariff

I utgangspunktet skal alt forbruk målast. Det kan vera kostbart for kunden å byggje om umålte anlegg til målt, og me har difor ikkje pålagt slik ombygging i tilfelle der dette ikkje er fornuftig med tanke på kostnader. Konsekvensen av å ha umålte anlegg er at ein risikerer å betale for lite eller for mykje då forbruket er kalkulert. Det vil ikkje bli tatt omsyn til mørke pærer eller andre feil, ved fakturering av forbruk. Forventa rettetid er ca. fire veker frå feilen vert varsla, men lenger rettetid kan skje. Ved lengre rettetid enn fire veker vert estimert forbruk korrigert. Alternativt kan kunde byggje om til måling for å få korrekt forbruk og faktura.

Innmating

Innmating	Tariff	Energiledd innmating øre/kWh	Fastledd innmating øre/kWh	Merknad
Plusskunder yting 0 til maks 100kW (Eksempelvis Solcelleanlegg)	Plusskunde		-0,5 (ink. Mva)	Bømlo Kraftnett kompenserer for redusert marginaltap ved innmating av overskotsproduksjon. For å kunne selje overskotskraft, må du som plusskunde velje ein kraftleverandør som handterer både produksjon og forbruk. Dersom du har en kraftleverandør som ikkje handterer produksjon, vil du få beskjed om å byte kraftleverandør.
Produksjonsanlegg som kan produsere (mate inn) meir enn 100kW, men som ikkje produserer meir ein 1 GWh i løpet av eit år	Prosument		2,4 (eks. mva)	Det er Statnett som fastsett denne satsen. Satsen gjeld frå første innleverte kWh og er samansett av innmatingstariff og eit tillegg for systemdrift. I 2026 er dette 1,4 + 1 øre/kWh.
Kraftverk over 1GWh/år Etterberekna i kvart enkelt tilfelle	Innmating	Områdepris (kr/MWh) * marginaltapssats (%) * energi innlevert (MWh)	2,4 (eks. mva)	Innmatingstariff = Fastledd produksjon + energiledd. Tariff for produksjon/innmating (unntatt plusskunder) består av eit fastledd og eit energiledd. For 2026 er fastleddet for innmating 1,4 øre/kWh og eit tillegg på 1,0 øre for systemdrift. (Fastsett av Statnett). Energileddet vert rekna for kvart kraftverk og varierer gjennom året med kraftpris og belastning i nettet. Marginaltapssatsene bereknast vekentleg innan fredag kl. 12.00 i veka før dei nye satsane er gjeldende. Sjå Statnett sine nettsider.

Næringskunder

For næringskunder blir det avgjort om dei skal ha tariff under eller over 100 000 kWh per år.

For nye kunder er det forventet årsforbruk, meldt inn av installatør, som avgjer tariffen.

For eksisterande kunder blir forbruket kontrollert automatisk to gongar i året, i juni og desember. Då ser ein på forbruket dei siste tre månadane. Dersom dette tyder på eit årsforbruk over 105 000 kWh, blir forbruket sjekka nærare. Viser denne sjekken at forbruket dei siste 12 månadane er over 100 000 kWh, blir kunden flytta til effektstariff frå neste månad. Kunden får varsel.

Kunder på effektstariff blir også automatisk kontrollert. Dersom kontrollen indikerer eit årsforbruk under 100 000 kWh, blir forbruket sjekka manuelt. Viser denne sjekken at forbruket dei siste 12 månadane er under 100 000 kWh, blir kunden flytta til standard tariff og varsla om endringa

Næringskunder under 100 000kWh/år

Energiledd næringskunder (Alle priser eks. mva)			
Trinn	øre/kWh	Elavgift (øre/kWh)	Totalt inklusiv alle avgifter
Dag*	35,500	7,13	42,63
Natt*	30,000		37,13
*Dag: kl. 06:00 -22:00, Natt: kl. 22:00 - 06:00			
Redusert sats Elavgift 0,6 øre/kWh			

Kapasitetsledd næringskunder Eks. mva					
Trinn *	Kr/mnd eks mva	Enova avgift/mnd	kr/mnd ink. Enova avgift	Enova avgift/år	Årspris inkl.Enova
0-2 kW	168	67	235	800	2 816
2-5 kW	240	67	307	800	3 680
5-10 kW	320	67	387	800	4 640
10-15 kW	420	67	487	800	5 840
15-20 kW	560	67	627	800	7 520
20-25 kW	700	67	767	800	9 200
25-50 kW	1 600	67	1 667	800	20 000
50-75 kw	2 400	67	2 467	800	29 600
75-100 kW	3 200	67	3 267	800	39 200
Over 100 kW	4 000	67	4 067	800	48 800

*Innplassering i dei ulike

kapasitetstrinna vert avgjort av snittet til dei tre høgaste timane i tre ulike døgn i månaden ein vert fakturert for.

Eksempel:

Trinn for kapasitetsleddet på juli-faktura kjem av gjennomsnittet av dei tre timane med høgast forbruk i tre ulike døgn i juli. Om snittet vart 6.5kW, vil ein hamne i trinn 5-

10 kW og måtte betale kr. 320,- i kapasitetsledd på faktura for juli.

Næringskunder over 100 000kWh/år (Effekttariff)

Prisar inkl. energiavgift til energifondet (ENOVA) eks. mva og forbruksavgift					
Næring [*]	Tariff	Fastledd pr. år ^{**}	Effektledd kr/kW/mnd ^{***}		Energiledd øre/kWh
			Vinter 1/10-31/3	Sommar 1/4- 30/9	
Effektmålt - Høgspenst	T2	38.800	60	24	17,87
Effektmålt – Lågspenst 0-100 kW	T3.1	17 544	110	75	17,87
Effektmålt – Lågspenst 100-200 kW	T3.2	17 544	105	65	17,87
Effektmålt – Lågspenst 200-99999 kW	T3.3	17 544	65	26	17,87
Reaktiv effekt– Lågspenst 0-100 kW ^{***}	R3.1		49,5	33,75	
Reaktiv effekt– Lågspenst 100-200 kW ^{***}	R3.2		47,25	29,25	
Reaktiv effekt– Lågspenst 200-99999 kW ^{****}	R3.3		23	18	

*Krev registrering som næringskode

**Avgift til energifondet

ENOVA på kr. 800,- er inkludert

***Den høgaste timen i

månaden vert lagt til grunn

****Reaktiv effekt kan vera

eit problem for drift av

nettet. Tariffering av reaktiv

effekt skal gi eit insentiv til å

installere kompenserande

utstyr som motverkar uttak

av reaktiv effekt. Avreknast

etter reaktiv timesverdi som

overstig 33% av aktiv effekt,

i den høgaste timen for

aktiv effekt. Me trekk frå

den reaktive effekten

kunden har høve til å ta ut

(opp til 33%) og

multipliserer resterande

med satsen i gjeldande

tariff.

*** Avreknast etter reaktiv timesverdi som overstig 30% av aktiv effekt i den høgaste timen for aktiv effekt.

Umålt veglysanlegg

Næring

Næring	Tariff	Fastledd	Energiledd øre/kWh	ENOVA-avgift kr. Pr. år	Elavgift øre/kWh	Sum energiledd ink avgifter eks. mva øre/kWh	Merknad
Vegljos utan målar	T1	Kr. 1374 pr. kW/år	56,8	800	7,13	63,93	Det skal nyttast fotocelle. Berekna forbrukstid er 4000 timar. For anlegg utan fotocelle aukast brukstida. Målte vegljøs skal nytte kapasitetsleddtariff

Særtariffar

Prisar inkl. mva		
Særtariffar	Tariff inkl. mva	Merknad
Målar utan kommunikasjonsmodul	Kr. 1 875,-/år	Skal dekke meirkostnad med manuell registrering av målarstand. kontrollavlesing vert normalt utført i januar mnd.

Tenester levert av nettselskapet

Type oppdrag	Pris inkl. mva	Merknad
Til og -fråkopling av byggjestrumskap	Kr 3000,-	Byggjestrøm må tingast minst 14 dagar før opp og -nedkopling. Leiga vert rekna frå oppkopling til oppseiingsdato. Om det må byggjast linje fram, må kunden dekkje kostnaden med dette. Byggjestrøm er tenkt som ei provisorisk/mellombels løysing, og langvarig bruk er ikkje tillatt. Det er ei forventning om at anlegget er demontert etter maksimalt 12. månadar.
Dagleige av byggjestrumskap 32A sikring	Kr. 17,5,-	
Dagleige av byggjestrumskap 63A sikring	Kr. 20,-	
Større provisoriske anlegg	Byggherre må sjølv halde festearrangement og ta alle kostnader med til- og fråkopling	
Forsterking, flytting eller omlegging	Normalt utført som rekningsarbeid. Vurderast i kvart enkelt tilfelle.	
Nye prosjekt initiert av kunde	Anleggsbidrag etter tilbod. Maks 15% over gitt tilbod	
Utgreiing av kapasitet i nettet	Bømlo Kraftnett kan ta seg betalt for utgreiing av tilknytning når effektbehov og plassering ikkje er rimeleg avklart. Betalinga skjer etter reell kostnad. Vidare utgreiing og konsesjonshandsaming skal og dekkast av kunde.	

Anna informasjon

Avgifter til staten

For hushaldstariffar er avgiftene inkludert i nettleiga. For næringsstariffane kjem avgifter i tillegg med fylgjande satsar: Forbruksavgift 7,13 øre pr. kWh eks. mva. Forbruk til direkte produksjon har ei redusert forbruksavgift som for tida er på 0,6 øre/kWh. Meirverdiavgifta er på 25 %. Me tek atterhald om endringar i offentlege avgifter. Eventuelle endringar i offentlege avgifter vil gi tilsvarande endring i nettleigetariffen.

Enova avgift. J.f. Forskrift om innbetaling av påslag på nettariffen til Energifondet (forskrift om Energifondet) skal nettselskapa krevje inn denne avgifta. For hushald skal påslaget utgjere 1 øre/kWh eks moms. For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget utgjera 800 kr/år eks. moms per målepunkt-ID. Avgifta på 800 kr er innarbeid i fastleddet. Me tar atterhald om endringar fastsett av styresmaktene.

Standard vilkår:

Generelt gjeld standard vilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft. For næringslivskundar gjeld standard vilkår for tilknytning- og nettleigevilkår for næringskundar. Desse finn du på www.nett.finnaskraftlag.no

Oppseiing eller endring av abonnement

Dersom nettkunden flyttar, eller på annan måte blir avstengd frå å nytte nettet, kan avtalen seiast opp med 14 dagars varsel. Ved manglande oppseiing av avtalen er nettkunden ansvarleg for nettleiga inntil nettselskapet har inngått avtale med annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarande for kraftsalet. Same tidsfristen gjeld og for endring av abonnement. For abonnement som ikkje er oppsagde må kapasitetsledd betalast for heile perioden sjølv om anlegget ikkje har vore i bruk. Dersom eit anlegg er sagt opp, skal

målar demonterast. Om ein ved eit seinare høve vil kople anlegget til nettet igjen, må installatør kontaktast og gå god for det elektriske anlegget. Merk at det kan bli stilt krav om at målepunktet må tilfredsstillе gjeldande forskrifter ved ny tilkopling og at det kan måtte betalast anleggstilskot. Det vert ikkje halde av kapasitet i nettet til fråkopla anlegg. Dermed kan ein risikere at nettet må forsterkast for kunde si rekning før anlegget kan koplast til igjen.

Større utstyr

Ved installasjon av større utstyr som ladestasjonar, sirkelsager, motorar, sveiseapparat eller anna utstyr som lagar særlege forstyrringar på nettet, må Kraftlaget varslast og gi løyve til installasjonen. Kraftlaget kan og krevje installasjon av kompensierende utstyr for apparat som har låg effektfaktor. Dersom det syner seg at apparat skaper forstyrringar på nettet som av omsyn til andre kundar ikkje kan akseptierast, må eigaren kosta nødvendig forsterkning eller andre avbøtande tiltak.

Førehandsmelding

Alle nye installasjonar, endring av overbelastningsvern, arbeid i målepunkt og montasje/utviding av produksjonsanlegg skal førehandsmeldast til Bømlø Kraftnett.

Vanlege storleikar på overbelastningsvern (OV) for private anlegg:

Bustad/leilegheit/fritidsbustad: IT 230V, OV 3x50. TN 400V, OV 4x40A.

Naust: IT 230V, OV 3x40. TN 400V, OV 4x32A.

Ynskjer ein større OV enn ovanfor, ynskjer me at ein grunngjev det i ein kommentar i førehandsmeldinga, eller kommunisert til oss på annan måte. Dette gjeld også ved endring av OV.

Når det gjeld definisjon av bygning, brukar me bygningstype som definert i matrikkelen.

Anleggstilskot

Anleggstilskotet vert rekna ut etter forskrifter fastsett av NVE. Bømlø Kraftnett krev anleggstilskot for å dekkja anleggskostnadane ved nye nettilkoplingar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar. Kostnaden kvar einskild kunde skal betala er samansett av kundespesifikke kostnader pluss eventuelt del av kostnader for felles anleggsdelar. Felles anleggsdelar er anlegg som forsyner fleire kundar, og vil kunne omfatta nettstasjon inklusiv transformator og brytaranlegg, høg og lågspentlinjer, kablar og fordelingsskap. Effektbehovet er dimensjonerande når me byggjer nettanlegg. Kostnadane for felles nettanlegg vert difor delt mellom kundane i høve til den einskilde sitt behov for effekt. Anleggsbidrag må vera fullt innbetalt før anlegget vert sett i drift. Dersom kunde ikkje er einig i berekninga av anleggsbidrag, kan saka bringast inn for reguleringsmyndigheit for energi (RME tidlegare NVE)

Varsling av avbrot

Bømlø Kraftnett skal varsle nettkundar om planlagde avbrot 72 timar før avbrotet. Kraftprodusentar som leverer inn kraft på nettet med spenning over 1000V skal og varslast 72 timar i førevegen. I tilfelle der det hastar og utbetre feil eller manglar kan Bømlø Kraftnett kople ut på kortare varsel.

Erstatning ved langvarig avbrot:

Sluttbrukar har rett på automatisk utbetaling av kompensasjon ved svært langvarige avbrot, jfr § 5-1 i nettinntektsforskriften. Svært langvarige avbrot er definert som avbrot som varer i meir enn 12 timar, og storleiken på beløpet er:

a) for privatkundar: kr 500 for avbrot på 12 timar og deretter kr. 40,- pr time.

b) for fritidskundar: kr. 125 for avbrot på 12 timar og deretter kr. 10 pr. time.

Utbetalinga kan ikkje overstige forventa innbetalt nettleige inneverande år. Forventa innbetalt nettleige er forventa årsforbruk multiplisert med gjeldande sats for energileddet i tillegg til kapasitetsleddet. Kompensasjonen skal utbetalast innan 12 veker etter at straumen var tilbake.

Betaling:

Avrekning av nettleige skjer etter "forskrift om måling, avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettenester" fastsett av NVE. Kraftlaget sender ut rekningar kvar månad. Anlegg som manglar avlesing vil bli stipulert. Forfallsdato på faktura er den 1.kvar månad. Ved for sein betaling vert det lagt til renter i medhald av Lov

om rente ved forseinka betaling. Forseinkingsrenta vert fastsett kvart halvår av finansdepartementet og er Noregs Banks styringsrente tillagt minst 8 prosentpoeng. Ved utskriving av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med eit purregebyr i samsvar med inkassoforskrifta, pt kr 35,-. Dersom purring ikkje vert betalt innan fristen vert kravet oversendt inkasso, og det vil påløpe inkassokostnader. Kunder som ikkje betalar etter motteke stengevarsel, må rekna med å verta utkopla. Kundane må dekke den reelle kostnaden med utkoplinga (opningsgebyr), minimum gebyr kr.1.000 avgrensa opp til kr 1500,- i ordinær arbeidstid og Kr. 2500,- etter arbeidstid. Minimumsgebyr vert nytta ved fjerntilkopling

Leveringsplikt/Ventetariff.

Leveringsplikt er ei ordning som pålegg nettselskapet å levere kraft fram til kunden har inngått avtale om kraftleveranse frå ein ordinær straumleverandør. I slike situasjonar får kunden automatisk – som følgje av leveringsplikta – straum frå Bømlo Kraftnett. Prisen for kundar på leveringsplikt er regulert av NVE sine forskrifter.

Jamfør energilova § 3-3 og forskrift om avrekning § 2-1a er prisane fastsett slik: Dei første seks vekene er prisen lik områdepris Nordpool (spotpris), pluss eit påslag på 6,25 øre/kWh inkl. mva. Etter dei seks første vekene er prisen lik områdepris Nordpool (spotpris) pluss 10 øre/kWh inkl. mva. Dette er normalt eit større påslag enn det ordinære leverandørar krev, og vi oppmodar alle kundar om å få ein ordiner avtale snarast mogleg etter tilkopling. Om ein kunde som hamnar på plikttariff er plusskunde, vil innmating bli kompensert med spotpris minus 6,25 øre/kWh inkl. mva. Etter seks veker vil ein trekke frå 10 øre/kWh inkl. mva ved innmating.

Spenningskvalitet

Bømlo Kraftnett skal på førespurnad frå nettkundar, informere om gjeldande relevant regulering av leveringskvalitet. Bømlo kraftnett skal på førespurnad frå nåverande eller framtidige nettkundar, seinast innan éin månad, informere om leveringspålitelegheit og spenningskvalitet i eigne anlegg.

Bømlo kraftnett skal, basert på faktiske målingar i eit gitt punkt i nettet, informere om nivå av langsame spenningsvariasjonar, flimmerintensitet, grad av spenningsusymmetri og overharmoniske spenningar, dersom nåverande eller framtidige nettkundar skriftleg ber om dette. Bømlo kraftnett kan krevje at nettkunden betalar nødvendige kostnader for å utføre dette arbeidet.